

INNTAKSREGLEMENT for TRYGGHEIM VIDAREGÅANDE SKULE

- § 1 Elevinntak til Tryggheim skular vert gjennomført av skulen og skal skje i samsvar med dette inntaksreglementet og i tråd med Privatskolelova §3-1. Dersom ikkje anna er nemnt, vert reglane i kap. 6 i forskrift til Opplæringslova og dei utfyllande reglane i Rogaland fylke brukt tilsvarende i den grad dei er aktuelle.
- § 2 Skulen har heile landet som inntaksområde. Søknad skal sendast på skulen sitt søknadsskjema. Skulen har eige inntak. Søknadsfrist er 1. mars. For søknad om inntak på grunn av behov for særskilt opplæring er fristen 1. februar. Dei som søker etter fristen, går inn i ventelista etter 1. opptaket etter poeng.
- § 3 Skulen kan berre ta inn elevar med lovfesta rett til opplæring. Søkjarar kan verte tekne opp som delkurs-elevar dersom dei har nødvendig fagleg grunnlag og dersom det er plass på utdanningsprogrammet.
- § 4 Inntaket vert gjort for kvart utdanningsprogram ut frå karakterane til søkerane.
- Ved inntak til Vg1 vert vitnemål frå grunnskulen lagt til grunn. For siste årskull tel siste halvårsvurdering i faga som vert avslutta i 10. klasse og standpunkt-karakterar i fag som er avslutta tidlegare.
 - For inntak til Vg2 og Vg3 vert kompetansebevis frå relevant Vg1/Vg2-utdanningsprogram lagt til grunn. Før søkerar som er i gang med slik opplæring, tel karakterane frå siste halvårsvurdering.
- § 5 *Tilleggs-poeng*
- Born av foreldre som mellombels har arbeidet sitt utanlands, får 4 tilleggs-poeng.
 - Born av tilsette ved Tryggheim skular får 4 tilleggs-poeng.
 - Noverande og tidlegare elevar ved Tryggheim skular får 4 tilleggs-poeng.
- Ingen kan få meir enn 4 tilleggs-poeng.
- § 6 *Prioriteringar*
- Siste årskull Vg1-elevar ved Tryggheim har rett til å halde fram i eit Vg2-kurs dersom gjennomsnittskarakteren er 3.50 eller betre.
 - Elevar i Vg2 studiespesialisering har som hovudregel rett til å halde fram i Vg3. Tidlegare elevar som går på skule i utlandet, kan prioriterast.
 - Rektor kan prioritere søkerar for å fylle internatet og for å fylle ledige plassar dersom elevar trekkjer seg seint.
 - Ungdom skal prioriterast før vaksne søkerar.
- § 7 Inntak av søkerar som søker på grunn av behov for særskilt opplæring, vert gjort etter særskilt vurdering av rektor. Denne vurderinga er uavhengig av karakterar. Heimefylket til søkeren vert kontakta om tildeling av ressursar. Søklarar vert tekne opp ut frå ei vurdering av i kor stor grad skulen kan gje dei eit godt tilbod ut frå tilgjengelege ressursar.
- § 8 Skulen kan ta inn elevar til alle utdanningsprogram ut frå heimefylket si vurdering av realkompetansen når det formelle grunnlaget manglar.
- § 9 Meir enn 20 dagar fråvær (gjeld ikkje fråvær pga sjukdom, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagte oppmøte og fråvær av helse- og velferdsgrunnar) fram til 1. april, kan føre til at søkerar ikkje vert tekne inn / får kansellert inntaket til Vg2 og Vg3.
- § 10 Det er ein føresetnad for inntak at elevane vil rette seg etter skulereglementet.
- § 11 *Klagerett*
Avgjerd om inntak er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Fylkesmannen er klageinstans.